



Gamle 3 Hus AS
Bellgården 1
5003 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2127 - 19/37264

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
12.12.2019

Avslag på søknad om midlertidig bruksløyve - gbnr 135/1 Smedholmen

Administrativt vedtak. Saknr: 764/19

Tiltakshavar: Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal
Ansvarleg søkjar: Gamle3hus
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkar har sendt inn søknad om midlertidig brukstillatelse for tiltaket.
I søknaden er det opplyst at følgjande arbeid står att står att:

Kai mot aust. Montering av nytt alarmanlegg.

Det er søkt om mellombels bruksløyve for følgjande delar av tiltaket:

Deler av tiltaket Bruksendring hovedhus, naust og bod. Treplattung, flytebrygge, telt og takoverbygg.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.21
Det vert elles vist til søknad motteken 13.11.19.

VURDERING

Gjenstående arbeid gjeld mellom anna forhold som reduserer branntryggleik, eller har særleg betydning for tryggleik og helse til personar som skal bruke bygningen. Denne type gjenstående arbeid er ikkje mindre vesentleg og kan ikkje fråvikast ved vurdering av mellombels bruksløyve.

Vi opplyser også om at det ikkje er sendt inn all nødvendig dokumentasjon slik det går fram av vilkår i rammeløyve:

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg**
- 2. Foto som viser at treplattung langs sjøbua er redusert i samsvar med dette løyvet.**
- 3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21 vert det gjeve avslag på søknad om mellombels bruksløyve for delar av tiltaket på gbnr 135/1. Vilkåra for å gje midlertidig bruksløyve er ikkje stetta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2127

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Solholmen Invest AS	Blombakken 1	5911	ALVERSUND
Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal	Blombakken 1	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Gamle 3 Hus AS	Bellgården 1	5003	BERGEN
Gamle3hus	Bellgården 1	5003	BERGEN